

Leif Atle Skoge  
Hoplandssjøen 148  
5943 Austrheim

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/1080 - 22/8152

Saksbehandlar:  
Asbjørn Nagell Toft  
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:  
11.10.2022

## Frådeling av nausttomt frå gbnr 131/2 og samanføyning med bustadtomt gbnr. 131/203 - Fønnes

### Administrativt vedtak. Saknr: 099/22

Vi syner til søknad motteke 10.10.2022

### Vedtak

Austrheim kommune gir på vilkår løyve til omsøkt frådeling av nausttomt på gbnr. 131/2. Vilkåret er at naustetomten vert samanføyd med bustadtomt gbnr. 131/203 på Fønnes. Grunngevinga er at søknad er i tråd med plan for området og at arealoverføringa ikkje vil vera til hinder for framtidig regulering av området. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §§ 20-4, 21-1, 21-4 og 26-1.

### Saksutgreiing:

Det er søkt om deling av nausttomt frå gbnr. 131/2 på Fønnes. Landbruksigedomen har i dag naust ein annan stad på Fønnes. Den ubebygde nausttomten skal arealoverførast/samanføyast med bustadtomt gbnr. 131/203 på Fønnes. Kjøpar er oppgjeve i søknad. Søknad er i tråd med kommuneplanen for området. Den vart godkjent den 11.04.2019 i kommunestyret. Kart er lagt ved, det er datert den 06.10.2022. Arealet er i område B42 i kommuneplan, her er det plankrav for større tiltak. Omsøkt tiltak er ikkje til hinder for framtidig regulering her, jf. pbl § 11-10.

Søknad er naboarsla på vanleg måte. Ingen merknad er kome inn. Naboar har samtykt til søknad. Det føreligg fullmakt til omsøkt deling og oppmålingsforretning. Kjøpar av tomt er og søkjar.

Austrheim 05.10.2022

### Fullmakt

Eg Steinar Ingolf Skoge gir min bror Leif Atle Skoge fullmakt til å stå for hele søknadsprosessen, samt møte på oppmålingsforretning og å godkjenne protokoll ved fradeling av nausttomt frå 131/2 som ligg i Ervikane. Denne nausttomta skal samanføyas med 131/203.

  
Steinar Ingolf Skoge

Austrheim kommune ser at søknad er i tråd med plan- og bygningslova, plan for området og anna lovverk. Austrheim kan difor godkjenne omsøkt frådelling+ og arealoverføring. Austrheim kommune sender no saka vidare til kartforretning.

Lykke til med prosessen vidare.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

#### **Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

#### **Kopi til:**

Alf Kvant

#### **Mottakere:**

Leif Atle Skoge

Hoplandssjøen 5943  
148

Austrheim